



Advokatfirma Alvheim og Hansen Ans
Postboks 1810 Håkonsgaten
5866 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2307 - 19/8715

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

23.04.2019

Avslag GBNR 18/92 - Søknad om avkøyrsel

Administrativt vedtak. Saknr: 98/2019

Saksutgreiing:

Tiltak:

BNK Eiendom AS ved Helgesen Tekniske Bygg søkte 21.09.18 om etablering av ny avkøyrsel frå GBNR 18/92 til kommunal veg Øvre Sagstad. Før kommunen behandla søknaden vart den sendt til uttale til Statens vegvesen. Vegvesenet har uttale i saka. Sjå vedlegg, journalført motteke 31.10.2018. Rådmannen av slo søknaden 02.11.18.

BNK Eiendom AS ved Alvheim & Hansen Advokatfirma og Helgesen Tekniske Bygg søkjar på ny den 26.03.19 om etablering av avkøyrsel frå GBNR 18/92 til kommunal veg Øvre Sagstad. Det er ikkje gjort endringar i utforminga av den omsøkte avkøyrselen, men søkjar har fleire merknader til kommunen sitt avslag.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 1.4.2019.

Vurdering:

Forholdet til kommuneplanen:

Den aktuelle eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til framtidig næring N_5 Sagstad. Søkjar meiner at kommunen allereie har vurdert avkøyrssituasjonen ved rullering av kommuneplanen. Dei viser til at område er unnateke plankrav og at kommunen har kommentert tilknytning til gjeldande infrastruktur

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

for område i konsekvensutgreiinga i kommuneplanen. Søkjar meiner at det ikkje ligg føre endringar i dei faktiske forholda som gjer at tilknytning til infrastruktur må vurderast på ny.


Rådmannen er ikkje einig i at avkjørselssøknaden allereie er behandla i kommuneplanen. At eit areal er avsatt i kommuneplanen sin arealdel er ikkje avgjerande for avkjørselsbehandlinga. Ettersom det ikkje er krav om plan vert avkjørsle behandla etter veglova §40 andre ledd, som legg til grunn følgjande «Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, (...) må (...) avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen.»

Konsekvensutgreiinga i kommuneplanen er utarbeidd på eit overordna nivå. For område N_5 Sagstad kom det inn eit spesifikt innspel frå eksisterande næringsverksemd lokalisert innanfor område. Dette premisset går tydeleg fram av konsekvensutgreiinga der det står følgjande under Tilhøve til arealstrategiar: «Eksisterande verksemdar skal der det er høve sikrast utviklingsmogelegheiter.» Og vidare i vurdering av forslaget nedst på s 82: «Adm. tilrår at kassefabrikken får høve til å utvide arealet for å gjere drifta meir effektiv, og at areala mot nord og aust haldas som LNF.» Rådmannen vurderar at den utvidinga som no vert omsøkt ikkje er den same som vart vurdert i konsekvensutgreiinga til kommuneplanen. Søkjar er ein ny verksemd som driv med eigedomsutvikling, ikkje berre kassefabrikk.

Søkjar viser til at planlagt utvikling av område ikkje vil føre til særleg auke i trafikk i område. Innsendte teikningar viser ei planlagt utviding med nytt næringsbygg på 702 m² BYA over to etasjer. Rådmannen vurderar at dette objektivt sett vil legge til rette for ei vesentleg auke av noverande næringsaktivitet og vil føre til meir trafikk til verksemda.

Avkjørselen

Detaljert utforming av den omsøkte avkjørselen er vist på teikning under frå tiltakshavar.



Teikning – omsøkt avkjørsel

Kartet under er ein illustrasjon utarbeidd av administrasjonen for å betre vise korleis avkjørselen er plassert med omsyn til krysset mellom fylkesveg 244 og kommunal veg 33 hp1 Øvre Sagstad.



Illustrasjon avkørsel

Sjølv om det ikkje er krav til regulering skal avkørselssaken etter veglova byggje på ei tilsvarande brei vurdering som når avkørselsregulering vert fastsatt etter plan- og bygningslova. Dette inneberer at avkørsla må sjåast i samanheng med vegsystemet avkørsla er ein del av, og kva konsekvenser avkørsla vil gje for trafikktryggleik og framkomelegheit på det tilknytta vegnettet.

Søkjar meiner at bruk av ny avkørsel vil leie trafikk vekk frå Sagstadvegen og inn på kv. 34 Sagstad grunna den dårlege svingradiusen mot fv. 244 Sagstadvegen. Rådmannen vurderar at sjølv om dette isolert sett kan sjå ut til å vere fordelaktig, så skapar omlegginga nye trafikale utfordringar. Hovudproblemet med å leie meir trafikk til denne avkørselen er at det er svært dårleg sikt mot høgre. Vidare er kv. 34 Sagstad ein smal veg utan veglys som ikkje er eigna for meir trafikk. Kv. 34 Sagstad er også skuleveg for elevar som kjem frå Dalemarka og Dalstø område.

Retningsliner for behandling av avkjørslesaker

Forskrift om retningsliner for behandling av avkjørslesaker¹ gjeld direkte for saker som gjeld avkjørsle frå riksvegar, men dei same omsyn gjer seg gjeldande for denne saka. Etter forskrifta er trafikktryggleik, transportfunksjon og vedlikehald av vegen viktige omsyn som må leggjast vekt på. Under dette må trafikkmonster og aktivitetsnivå langs vegen vurderast. Dette har igjen innverknad på risikoen for ulykker, og det er i den samanheng særleg vist til fotgjengarar/skuleborn. Søkjar meiner at kommunen bør legge vekt på distriktsomsyn i si vurdering. Rådmannen meiner at Frekhaug er eit pressområde som opplever sterk folkevekst, og ikkje eit utkantstrøk, der forholdet til vegen og ferdsla langs vegen er av mindre betydning i avkørselsbehandlinga.

Konklusjon

Rådmannen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å gje løyve til ny avkørsel til kv. 33 hp 1 Øvre Sagstad. I vurderinga har vi lagt avgjerande vekt på trafikktryggleiken langs fv. 244, og i krysset mellom kv. 33 hp1 Øvre Sagstad og fv. 244 som har svært dårlege siktforhold.

Vedtak

¹ F26.02.1982 nr 3791

«Meland kommune avslår i medhald av veglova §§ 40 og 43 søknad om opparbeiding av ny avkøyrseil til kommunal veg på gnr 18 bnr 92. For grunngeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor. Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.»

Om klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Frist for å klage er tre -3-veker frå det tidspunktet underretning av vedtaket er kome frem. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar klagar ønskjer. Klagen skal sendast skriftleg til Meland kommune v/plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK) som vil vurdere saka på ny på bakgrunn av klaga. Dersom PUK opprettheld sitt vedtak vil klagesaka bli oversendt Klagenemnda i Meland kommune. Vedtaket kan vidare bli påklaga, og det er Fylkesmannen som er klageinstans etter Klagenemnda i Meland kommune har fatta sitt vedtak.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Region vest Statens vegvesen	Postboks 43	6861	LEIKANGER
------------------------------	-------------	------	-----------

Mottakere:

Advokatfirma Alvheim og Hansen	Postboks 1810	5866	BERGEN
Ans	Håkonsgaten		
Helgesen Tekniske Bygg AS	Valestrandsfossen	5281	VALESTRANDSFOSSEN